



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøvernavdelinga

Vår ref.: 2009/5491

Arkivnr.: 443.2

Dykkar ref:

Vår dato: 17.02.2010

Sjå adresseliste

Forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland 2010-2014

Ny forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland er vedtatt. Forskrifta gjeld frå og med fiskesesongen 2010 til og med 2014. Det vert ikkje opna for fiske etter laks og sjøaure i Vikedalselva, Rødneelva, Åmselva, Nordelva, Storelva og mindre vassdrag som ikkje nemnde i forskrifta. I tillegg vert det endra fisketid i Ogna, Kvassheimsåna, Søndre og Norde Varhaugelv, Storåna (Sandnes), Frafjordelva, Hjelmelandselva og Svensbøelva. I fleire vassdrag vert det ikkje opna for fiske etter sjøaure. I tillegg vert talet på kor mange laks og/eller sjøaure ein fiskar kan fange kvart døgn endra i fleire vassdrag.

Ny "forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland" blei fastsett av Fylkesmannen i Rogaland den 17. februar 2010. Forskrifta er heimela i lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. §§ 15 og 33. Jf. kgl. res. av 20. juni 2003 nr. 736 om opning av fiske etter anadrome laksefisk. Samt lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold §§ 15 og 16. Forskrifta trer i kraft straks.

Forskrifta gjeld for Rogaland fylke og fastset kor og når det er lov å fiske etter laks og sjøaure i vassdrag. Den har òg reglar om personleg døgnkvote, kroking av fisk, fiske av vinterstøing og fiske etter innlandsfisk i vatn med laks eller sjøaure. For enkelte elvar gjeld særlege fiskeregler og/eller fredingssoner. Desse er samla i kapittel 2.

For fredingssoner i sjøen, sjå "Forskrift om fredingssoner og nedsenking av garn i sjø", Fylkesmannen i Rogaland 29. april 2004.

Generelt

Fiskeregler og fisketider for fangst av anadrome laksefisk blir gitt med heimel i lakse- og innlandsfisklova etter retningsliner fra Direktoratet for naturforvaltning (DN). Forskrift om fiske i sjøen blir fastsett av direktoratet, medan fylkesmannen har hovudansvaret for å utarbeide reglar for fiske i vassdrag. Lakse- og innlandsfiskloven har som formål å sikre at naturlege bestandar av anadrom laksefisk, innlandsfisk og deira leveområder vert forvalta slik at mangfaldet og produksjonstilhøva vert teke vare på.

I følgje naturmangfaldlova av 9. juni 2009 § 15 skal hausting og anna uttak av naturleg viltlevande dyr ha heimel i lov. Lovens § 16 opnar for at vedtak om hausting av lakse- og innlandsfisk kan treffast med heimel i lakse- og innlandsfisklova. Det er eit krav at det er eit haustbart overskot. Naturmangfaldlova § 7 seier at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. I arbeidet med fiskereguleringane er det prinsippa i §§ 8, 9 og 10 om kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet og samla belastning som er dei mest relevante.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Hjemmeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Nasjonale føringar og retningslinjer for regulering av fiske i vassdrag er gitt i brev frå Direktoratet for naturforvaltning datert 25. september 2009. Retningslinjene er i stor grad basert på St.prp. nr. 32(2006-2007) om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Nytt av året er at det er oppretta eit breitt samansett vitskapleg råd for lakseforvaltning. Dette rådet har som oppgåve å vurdere status for norske laksebestandar, utarbeide prognosar for innsig, kome med råd om utnytting og gi råd om andre spesifikke tema.

Fylkesmannen skal bruke fisketid som hovudvirkemiddel ved regulering av fisket. I vassdrag med tilfredsstillande lokal organisering kan framlegg til fiskeregler lagast lokalt. Fylkesmannen skal berre endre rettshavarane sitt framlegg til fiskeregler dersom dei er i strid med målsetjingar eller retningslinjer gitt av DN.

Høyringsrunden

Forslag til ny forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland blei sendt på høyring 1. desember 2009, med høyringsfrist 15. januar 2010. Vi har motteke 19 fråsegner.

Fisketider (§ 2) og særlege reglar i enkeltvassdrag (§ 7)

Berre vassdrag med endra fisketid i forhold til det opphavlege forslaget frå Fylkesmannen eller vassdrag kor det har kome innspel om endra fiskesesong, blir nemnde i det følgjande.

Vassdrag som ikkje er nemnde i forskrifta

Fylkesmannen hadde framlegg om ikkje å opne for fiske i vassdrag som ikkje er nemnde i forskrifta. For desse vassdraga har det i høyringsrunden berre komme framlegg om endring av fisketida i Storåna i Sandnes. I Storåna har Noregs Jeger- og Fiskerforbund Rogaland foreslått fisketid frå 1. juli til 20. september. Forslaget er grunngjeve med at vassdraget ikkje har ein eigen laksestamme (utsett fisk frå forskningsstasjonen på Ims), og at vassdraget er ein viktig rekrutteringsarena for barn og unge.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida i Storåna til 1. august til 31. august. Storåna er eit bynært vassdrag som viktig for barn og unge som ønskjer å lære å fiske. I Storåna er det dei seinare åra gjort fleire tiltak for å betre forholda i vassdraget. Blant anna er det frå Fylkesmannen gitt stønad til restaureringsprosjekt. Kunnskapen om laks og sjøaure i vassdraget er liten. Sandnes kommune vil i samråd med Fylkesmannen arbeide for å få ein oppdatert status for bestandane i vassdraget. I dag er det ikkje ein eigen laksestamme i Storåna. Fylkesmannen vil derfor opne for eit avgrensa laksefiske i vassdraget.

Ogna

Noregs Jeger- og Fiskerforbund Rogaland foreslår fisketid frå 1. juni til 20. september (same som i dag). Dei grunngjev dette med at ein reduksjon i kvoten til 3 fisk er tilstrekkeleg for å redusere uttaket moderat.

Vår vurdering

Fisketida i Ogna vert 1. juni til 10. september (forslag 1. juni til 31. august). I Ogna vert det tradisjonelt fanga mest laks mot slutten av sesongen. Ved å redusere sesongen med ti dagar vil ein normalt redusere fangsttakket med om lag 350 kg laks. Endring av kvoten frå fem til tre fisk vil også redusere uttaket noe. Vitskapleg råd for lakseforvaltning har ved vurdering av fangsttakket lagt til grunn at det ikkje er avgrensingar i kortsalet i det meste av elva. I møte med Ogna elveeigarlag den 9. februar 2010 kom det fram at dette er feil. Det er berre i ein

mindre del av vassdraget det ikkje er avgrensingar i kortsalet. Fylkesmannen meiner derfor at fisketida kan forlengast med 10 dagar i høve til framlegget.

Kvassheimsåna

Noregs Jeger- og Fiskerforbund vil ha fisketid frå 15. juli til 20. september. Forslaget er grunngjeve med at gytefiskteljingar hausten 2009 viste at gytebestandsmålet er nådd, og at ein har eit relativt lågt fangstuttak i vassdraget på 36 %. Vidare er vassdraget eit flomvassdrag med relativt sein oppgang av laks.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida i Kvassheimsåna til 1. juli til 10. september. Ny kunnskap om storleiken på gytebestanden tilseier at det er tilstrekkeleg å redusere uttaket moderat i Kvassheimsåna.

Søndre og Nordre Varhaugelv

Kontaktperson for Varhaugelvane foreslår fisketid frå 1. juli til 20. september. Han grunngjев dette med at vassdraget er ei flomelv kor det er få fiskedøgn i løpet av ein sesong. Det vert også vist til at vassdraga har hatt ein brukbar fangstutvikling dei siste åra.

Noregs Jeger- og Fiskerforbund Rogaland støttar forslaget vårt til regulering av fiske i Varhaugelvane.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida til 1. juli til 10. september. Vi kan ikkje sjå at det har framkome nye data som tilseier at rådet frå vitskapleg råd for lakseforvaltning byggjer på feilaktig grunnlag. Fylkesmannen har likevel endra fisketida noko, slik at den er meir i tråd med innkomne høyringsuttaler og fisketida i liknande vassdrag på Jæren.

Håelva

Noregs Jeger- og Fiskerforbund Rogaland støttar forslaget vårt til regulering av fiske i Håelva.

Jæren Jakt- og Fiskeforening er bekymra for den negative fangstutviklinga ein har sett i Håelva dei siste åra. Foreininga har framlegg om strengare kvoter, og avgrensing i reiskapsbruk for å redusere uttaket i vassdraget. Det er mellom anna foreslått ei sesongkvote på 25 laks og at all holaks over 75 cm skal setjast ut.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida i Håelva frå 15. juni til 20. september. Vitskapleg råd for lakseforvaltning har vurdert at uttaket i Håelva er berekraftig. Fylkesmannen meiner likevel at det er viktig å følgje utviklinga i Håelva tett. Dersom den negative utviklinga i vassdraget held fram, vil det bli nødvendig å redusere uttaket. Reguleringstiltaka som er foreslått av Jæren Jakt- og Fiskeforening er døme på reguleringstiltak som den lokale fiskeforvaltninga må gjennomføra.

Frafjordelva

Frafjord elveeigarlag har framlegg om fiske frå 15. juni til 15. september, onsdag t.o.m. søndag. Alternativt 1. juli til 15. september. Grunna seinare oppgang og bra med gytefisk. Elveeigarlaget støttar forslaget om freding av sjøauren.

Noregs Jeger- og Fiskerforbund Rogaland foreslår fisketid frå 15. juni til 31. august med fiske alle dagar, subsidiært onsdag til og med søndag. Dei grunngjev sitt forslag med at det er sterkt lokalt ønske om å ha fiske alle dagar og at gytefiskteljingane viser at det er mykje gytefisk.

Stavanger og Rogaland Jeger og Fiskerforening har forslag om fisketid frå 15. juni til 31. august med fiske alle dagar. I tillegg har dei framlegg om ein strengare døgnkvote på 2 fisk og at det eventuelt er stengt for fiske mellom 2400 og 0600. Forslaget er grunngjeve med at gytefiskteljingane viser at det er bra med gytefisk og at det tidligare har vore tillate å fiske alle vekedagar.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida i Frafjordelva frå 15. juni til 31. august, med fiske frå og med onsdag til og med søndag. Teljingane av gytefisk i 2008 og 2009 viser at det har vore bra med gytefisk i Frafjord dei siste par åra. Fylkesmannen er derfor einig i at ein kan auke fangsttakket noko i Frafjordelva. Den endra fisketida inneber ei auka fisketid med om lag ei veke. Den ytre ramma for regulering av fiske er 1. juni til 31. august. Det er berre i særlege tilfelle ein kan utvide fisketida ut over dette. Slik Fylkesmannen ser det er det ikkje særlege grunnar til å ha ei fisketid ut over den ytre ramma for regulering av fiske i Frafjordelva.

Lyseelva

Noregs Jeger- og Fiskerforbund har framlegg om fisketid frå 15. juni til 30. september. Dei meiner at det ikkje er grunnlag for å kutte i fisketida då Lyseelva er godt undersøkt og fangsttakket er forsvarleg.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida i Lyseelva frå 15. juni til 20. september som i dag. Fisketida inneber ikkje kutt i fisketida som NJFF skriv i sitt høyningsframlegg.

Årdalselva

Noregs Jeger og Fiskerforening har framlegg om kvote på 2 laks i Årdalselva og forbod mot bruk av spinnar.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida i Årdalselva frå 1. juni til 31. august, med fiske frå og med onsdag til og med søndag. Vitskapleg råd for lakseforvaltning har vurdert at uttaket av laks i Årdalselva er berekraftig. Fylkesmannen er kjend med at Årdal elveeigarlag tidlegare har innført forbod mot spinnarfiske. Dette er i tråd med retningslinjene som seier at denne typen tiltak skal bestemmost lokalt.

Hjelmelandselva

Noregs Jeger- og Fiskerforbund står vårt forslag til regulering av fiske i Hjelmelandselva. I sin høyningsuttale skriv de at Fylkesmannen bør ta initiativet til eit møte med elveeigarlaget for å få på plass betre fangstrappering i vassdraget. Dersom dette kjem på plass bør ein vurdere å opne for fiske.

Hjelmeland elveeigarlag har i sin uttale etterrapportert fangst for 2009. Ny rutinar vil sikre god fangstrappering i framtida.

Vår vurdering

Fylkesmannen fastset fisketida i Hjelmelandselva frå 1. august til 31. august. Nye rutinar vil sikre god fangstrappering i vassdraget. Låge fangstar dei siste åra kan i nokon grad forklarast med därleg fangstrappering. Det er likevel grunn til å tru at det har vore ei negativ utvikling i laksebestanden i Hjelmelandselva. Fylkesmannen meiner difor at det er naudsynt med ein reduksjon i fangstuttaket.

Suldalslågen

Sjå eige brev til Direktoratet for naturforvaltning datert 9. februar 2010 (vedlagt). Fylkesmannen fastset fisketida i Suldalslågen frå 20. juli til 30. september for heile elva. Det vert ein døgnkvote på 1 villaks over 75 cm og totalt 3 laks per døgn. Det vert ikkje opna fiske etter sjøaure.

Vikedalselva

Vindafjord kommune, Vindafjord jakt og fiskelag og Noregs Jeger- og Fiskerforund Rogaland støttar forslaget til Fylkesmannen om ikkje å opne for fiske i Vikedalselva.

Vikedal elveeigarlag støttar òg forslaget, men ser behovet for å få på plass ein fisketeljar i Vikedalselva. Dette for å få faste målingar og betre kunne dokumentere utviklinga i vassdraget.

Billy Grimås foreslår fisketid frå 15. juni til 31. august, med fiske frå og med fredag til og med søndag. Kvote på ein laks og/eller sjøaure. Forslaget er blant anna grunngjeve med at stenging vil føre til redusert fokus på vassdraget, og at det gjev ein negativ effekt i vassdraget. Billy Grimås har òg forslag om avgrensing av fiske i sjø. Han har foreslår om at ein innom grenselina mellom Sønnanåneset og Opsalneset har same fiskereglane som i Vikedalselva.

Vår vurdering

Det vert ikkje opna for fiske Vikedalselva. Grunna auka dødelegheit i sjøen har laksebestanden i Vikedalselva hatt ei svært negativ utvikling dei siste åra. Teljing av gytefisk viser at det er for lite gytefisk i vassdraget. Vidare overvaking av gytefiskbestanden vil vise når ein igjen kan opne for fiske i vassdraget.

Rødneelva

Sandeid elveeigarlag vil ikkje å opne for fiske Rødneelva. Vindafjord kommune støttar forslaget til Sandeid elveeigarlag. Bakgrunnen for forslaget er at vassdraget har dei same utfordringane i sjøfasen som ein har i Vikedalselva. Samtidig frykter ein sterkt fiskepress dersom det vert opna for fiske i Rødneelva og ikkje i Vikedalselva.

Vår vurdering

Fylkesmannen tek omsyn til høyningsinnspelet frå Sandeid elveeigarlag og Vindafjord kommune. Det vert difor ikkje opna for fiske i Rødneelva. Fylkesmannen er einig i at ein har dei same utfordringane i sjøfasen i Rødneelva som i Vikedalselva.

Åmselva

Noregs Jeger- og Fiskerforbund Rogaland og Vindafjord kommune støttar vårt forslag om ikkje å opne for fiske i Åmselva.

Vår vurdering

Det vert ikkje opna for fiske etter laks og sjøaure i Åmselva.

Svensbøelva

Svendsbøelva elveeigarlag foreslår å ikkje stenge vassdraget for fiske etter laks og sjøaure. Dei grunngjev dette med at vassdraget ikkje har ein eigen laksebestand, og at fangstane er svært avhengig av stor nok vassføring i elva. Fisking i elva har i dag ein viss miljømessig positiv betydning i området. Vindafjord kommune står framlegget frå Svendsbø elveeigarlag.

Noregs Jeger og Fiskerforbund støttar vårt forslag om ikkje å opne for fiske i Svensbøelva.

Vår vurdering

Fylkesmannen tek omsyn til innspelet frå Svendsbøelva elveeigarlag og Vindafjord kommune og fastset ny fisketid i Svensbøelva frå 1. august til 31. august. Det vert ikkje opna for fiske etter sjøaure.

Vågselva

Noregs Jeger- og Fiskerforbund Rogaland, Vindafjord Jakt og Fiskelag og Vindafjord kommune har framlegg om same fisketid som i dag. Dette er mellom anna grunngjeve med at vassdraget nå er betre organisert og at Fylkesmannen har gitt tilskot til å legge forholda til rette for fiske. Dei låge fangstane dei siste åra skuldast at vassdraget er ei typisk flomelv og at det har vore fiske lite dei siste åra.

Vår vurdering

Fylkesmannen tek omsyn til høyningsframlegga og fastset fisketida i Vågselva frå 1. august til 31. august. Det vert ikkje opna for fiske etter sjøaure.

Døgnkvote (§ 3)

Personleg døgnkvote ved lakse- og sjøaurefiske i Rogaland vart innført i 2000. I vassdrag som ikkje er godt organisert, skal Fylkesmannen primært nytte fisketid ved regulering av fiske. For fleire vassdrag kor ein ønskjer lengre fiskesesong, har Fylkesmannen fått innspeil om lågare døgnkvote. Fylkesmannen vil bare nytte strengare kvote i staden for innkorting i fiskesesong i vassdrag som tilfredsstiller krava til lokalforvaltning. Vi vil likevel oppmøde elveeigarlaga til å fastsette strengare kvote dersom ein meiner dette er rett.

Fylkesmannen fastset ein kvote på 3 laks og/eller sjøaure (totalt 3 fisk) per fiskar per døgn for alle vassdrag i Rogaland.

For Sira, Bjerkreimselva og Suldalslågen gjeld eigne kvoter, sjå § 7a), 7b) og 7d).

Krav om fangstrappering (§ 8)

I Jørpelandselva og Espedalselva har det vore krav om fangstrapperingskort. Jamfør lakse- og innlandsfisklova § 44 er det eit krav om at alle som fisker anadrome laksefisk skal sende inn skriftleg oppgåve til bruk i offentleg statistikk. Slik Fylkesmannen ser det er det ingen særlig grunn for å nemne to vassdrag spesielt i forskrifta. Nye § 8 er derfor endra slik at den er meir i tråd med lakse- og innlandsfisklova.

Spesielle reglar i fiskesesongen (§ 10)

Fylkesmannen har ikkje motteke innspeil knytt til framlegget vårt om å innføre ein eigen § om spesielle reglar i fiskesesongen. § 10 vert difor som sendt på høyring.

Endringar undervegs i reguleringsperioden

Dei nye fiskereglane gjeld til og med 2014. I denne perioden kan det oppstå situasjonar der reguleringane må vurderast på nytt, og eventuelt endrast. Alvorlege endringar i menneskeskapte påverknader eller uventa kraftige svingingar i laksebestandane kan gjere det naudsynt å endre fiskereglane.

Dersom det i reguleringsperioden vert etablert tilfredstillande lokal organisering i eit vassdrag, kan reguleringsregimet vurderast på nytt.

Vi minner om at lov om laksefisk og innlandsfisk med tilhøyrande sentrale og lokale forskrifter set dei ytre rammene for utøving av fisket, og at rettshavarane står fritt til å fastsette eigne fiskereglar innanfor desse rammene. Fylkesmannen vil oppmøde elveigarlaga om å følgje bestandsutviklinga tett og kvart år vurdera behov for regulering av fisket. Aktuelle tiltak for å redusere uttaket kan vere å avgrense fisketida, lågare personlege døgnkvoter eller å avgrense reiskapsbruk t.d. forbod mot mark, gulp (kunstig mark) eller spinnar.

Med helsing

Harald Thune
fylkesmann

May Britt Jensen
ass. fylkesmiljøvernsjef

*Saksbehandlar: Trond Erik Børresen
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 07
E-post: trond.erik.borresen@fmro.no*

Vedlegg: Forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure, Rogaland.
 Brev til Direktoratet for naturforvaltning om regulering av fiske i Suldalslågen